



Marit Langballe kokar betasuppe, men snart rykkar ho inn i opprusta eldhus! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Eit eldhus som vart bygd på Skorpo i 1845 vil no få eitt nytt liv. I august håpar Marit Langballe at det første brødet som er steikt på staden på mange år kan steikjast der.**

**Det fortalde ho uskedalen.no medan ho kokte betasuppe til svaltne Skorpefjell-bestigarar og hyttefolk søndag føremiddag.**



Turen til topps (234 meter over havet) var som i fjor første del av sokneråds-programmet som også omfatta den tradisjonelle gudstenesta.



Eldhuset er snart fullført. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- No manglar bakaromnen og eg skal også få på plass ein vedkomfyr, opplyste Marit og streka under at det ikkje er nokon kommersiell baktanke bak det 'nye' eldhuset.

- Dette er berre for å sysselstja meg sjølv samstundes som eg kan glede nokon med god mat. Det vil seia brød til hyttefolk om sommaren og lefse til meg sjølv til jul, sa Marit.



Betasuppa gjekk unna på Langballe-kaia (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ho har hatt god og sakkunnig hjelp til prosjektet frå litauisk hald: Edvaldas Lebednykas og vennen Saulius Pakalka frå Vilnius har stått på for å få det i hamn og Marit kan ikkje få fullrost dei for jobben.





På veg til topps på Skorpo: Frå venstre står Oscar Langballe, Kjell Yri, Tormod Myklebust og Evaldas Lebednykas frå Vilnius i Litauen med dei to sonane Tomas og Marius. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Medan Marit kokte betasuppe ved Langballe-kaia var mannen Oscar lokalkjend guide til topps på Skorpefjellet. Det var nokre fleire enn i fjor som let seg frista til turen, men det burde vore fleire enn 22 både fordi dette er eit lett tilgjengeleg turmål tett på Uskedalen og fordi tåkeskyene heldt varmen i sjakk. Ikkje overraskande var Johanna Yri (83) også denne gongen eldste 'tindebestigar'.

Vi har sagt og skreve det før, men gjentek det gjerne: Skorpo er ein uutnytta ressurs, ikkje minst for dei som vil gjera meir ut av Uskedalen som turistbygd. Ho bugnar av natur og kultur og denne helga var heller ikkje flåtten så påtrengjande som vi høyrer han er frå tid til annan.

Det er ikkje til å undrast over at øya er attraktiv for hyttefolk. No er det rundt 30 som har hytter der. Talet på fastbuande er det same som ifjor. Det er seks skorpobuarar og dei er frå fire til 87 år!

Av Ola Matti Mathisen